



Remi-Andre Tofting
Gangstøvegen 19
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykker:
Vår: 16/2625 - 19/3599

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
31.01.2019

Svar på brev motteke 03.01.19 - gbnr 133/79 Soltveit Søre

Viser til ditt brev datert 14.12.18 motteke hos kommunen 03.01.19.

Vi ber om attendemelding på om brevet er ein formell klage på vedtaket om pålegg og tvangsmulkt datert 22.11.18, som du ber kommunen om å handsame. Dersom svaret er ja ber vi om at det sendast inn komplett grunngjeven klage **innan 20.02.19**.

Lindås kommune ved byggesaksavdelinga kjenner seg ikkje igjen i framstillinga i brevet. Kommunen har gitt gode høve til å rette på tilhøva og sett rimelege fristar for utbetring. Vi meiner også å ha gitt klar attendemelding på kva tilhøve som må rettast på.

I brevet, datert 22.11.18, der vi ber deg rette dei ulovlege tilhøva går det etter kommunen si vurdering klart fram kva som må skje vidare i saka;

Med «retting» betyr det at du må:

- Fjerne søknadspliktig del av terrasse
- Sperre tilkomst til eigedom med gbnr 133/66.
- Opphøre bruken av tilbygg som eigen bueining og føre tilbake bruken med det som er i samsvar med dagens godkjente bruk.

Når det gjeld terrasse må tiltaket tilbakeførast til opprinneleg utforming. Det vil seie at også støypte fundament og kledning i tre mot naboeigedom må fjernast, jf. biletet motteke i brev datert 14.12.18.

Tilbygg / ny leilighet som er etablert er ikkje godkjent av kommunen i dag. Det går klart fram av tidlegare korrespondanse i denne saka at det aldri vart sendt inn tilfredsstillande søknad om etablering av bueining og at denne per i dag ikkje er lovleg etablert. Vi har bedt om at det sendast inn fullstendig søknad om dette dersom du ynskjer å forsøke å få denne legalisert. Alternativt kan du tilbakeføre areala til den bruken som er godkjent tidlegare.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt rådgjevar Per Sveinar Morsund.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Remi-Andre Tofting

Gangstøvegen 19 5911

ALVERSUND